

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

**Terje Søviknes** viste til RS 11/15 "Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland - orientering om oppfølging av høyringa". Av brevet frå Riksantikvaren kan det sjå ut som om arbeidet held fram, sjølv om fylkesutvalet har vedteke at ein skal vente til konsekvensane er avklarte. Fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd opplyste at han ikkje har registrert aktivitet utover at Riksantikvaren er i ein oppsummeringsfase.

**Terje Søviknes** viste til RS 11/15 "Ferjesambandet til Austevoll", og spurde om fylkeskommunen har vore i kontakt med Austevoll kommune om problemstillingane knytt til ferje 2. Fylkesdirektøren for samferdsel svarte at det har vore møte med ordføraren i Austevoll. Også Skyss og operatøren skal kontakte kommunen.

**Sigbjørn Framnes** viste til RS 18/15 "Vedk. nye busskontraktar for rutepakkane Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal". Han spurde om kvifor det i komande anbuds konkurranse vert lagt opp til at Hardanger og Voss blir utlyst som ein rutepakke, og ikkje to som tidlegare. Kst. direktør for Skyss, Målfrid Vik Sønstabø, svarte at det ikkje er konkurransemessig forskjell mellom ein eller to rutepakkar.

I samband med RS 18/15 spurde **Sigbjørn Framnes** også korleis interessa for dialogkonferansen som Skyss arrangerte i veke 4 var. Kst. direktør for Skyss, Målfrid Vik Sønstabø, opplyste at det var stor interesse for konferansen og at det kom mange gode innspel.